



Statuttar for tildeling av heidersmedlemsskap i Keipen Turlag:

1. Styret tildeler heidersmedlemsskap i Keipen Turlag (KT).
2. Heidersmedlemsskap i KT kan tildelast personar som har gjort eit særleg stort og omfattande arbeid for laget over tid. Vedkommande må ha vore medlem av styret og/eller hatt faste ansvarsområde.
3. Med formuleringa «særleg stort og omfattande», er det meint innsats utanom det vanlege over ein periode på minimum 10 år (der vedkommande må ha vore medlem i DNT), og i tillegg profilering av KT utover det tradisjonelle KT-området.
4. Heidersmedlemsskapet er den høgste utmerkinga i KT.
5. Medlemsskapet vert markert med skriftleg grunngeving, eige diplom, blomehelsing og gåve eller gåvekort.
6. Utdelinga skal rapporterast til DNT Sogn og Fjordane og DNT sentralt i tillegg til varsling med pressemelding med bilete til lokalavisene, medlemsbladet Fjell og Vidde og NRK Sfj.
7. Vedtak om heidersmedlemsskap i KT skal vere samrøystes.
8. Heidersmedlemmer betaler ikkje medlemskontingent.

Vedteke på ekstraordinært årsmøtet i 2023